



Hordaland Fylkeskommune  
Kultur- og Idrettsavdelinga  
v/Elisabeth Bjørsvik  
Postboks 7900  
5020 Bergen

J.nr. 012/16

Ark.nr. 132

Tyssedal, den 22.1.2016

### **Oppfølging av museumsplanmidlar 2012-2015**

Viser til brev av 13.12.2015 – dykkar ref. 2014/15734-12

Vi ber om orsaking for forseinka svar. Vi vil i det vidare gi ein kort status på dei fem tiltaka i lista – nedst (nyaste) til øvst (eldste):

#### ***Museumsplanmidlar 2015 – sak 51/2015 . Digitalt museum og interaktiv kommunikasjon med publikum***

Viser til rapport innsendt 21.12.2015

#### ***Museumsplanmidlar 2014 – KURE sak 87/14. Sikringsmidlar***

Grunna krevjande organisering av rekkefølge på tiltak i bygg 26 – smia knytt til restaurering, ombygging til smedskule og sikring er dette tiltaket i desse dagar i ferd med å avsluttast. Endeleg rekneskap og sluttrapport vert sendt alle bidragsytarar i løpet av 1. halvår 2016.

#### ***Museumsplanmidlar 2014 – KURE sak 87/14 Museum får ansvar for formidling av verdsarv***

Museumsplanmidlane kom i det året NVIM feira 25-års jubileum og sidan det ikkje var klare føringar på tilsagnet valgte vi å bruka i samband med formidlinga i jubileumsåret som hadde som mål å byggje bru mellom museet og publikum gjennom aktiv formidling av kulturminna. Viktige arrangement i denne samanheng var markeringsarrangement i august for 100 årsdagen for Albert Peterssons død: Med besøk av etterkommarar, innsamling av nye og til dels ukjende kjelder og presentasjon av dette på eit såkalla «Salongprat» arrangement i Sentralbadet litteraturhus. Her vart det halde eit kåseri/foredrag der nye foto og opplysningar om Albert Petersson og hans familie vart presentert.

Eit anna viktig formidlingstiltak knytt til formidling av Smelteverket som verdsarv var at vi tilbød nytt opplegg med organiserte omvisingar på Odda smelteverk – tysdag-laurdag på eit fast klokkeslett i sommarsesongen. Vi hadde gjort dette før, men no arbeidde vi med å få til meir innhald, samt ei betre organisering og gjennomføring av tiltaket.

***Museumsplanmidlar 2013 – KURE 133/13 Utstillingsprosjekt***

Prosjektet er no i ferd med å avsluttast,. Det er utforma 12 skilt. Museet har stått for innhald og lay-out. Skiltene er no til omsetjing til engelsk før dei vert sendt til trykking og oppsetting. Avdukingsarrangement ved sesongstart 2016. Rapport og rekneskap vert sendt sommar 2016.

***Museumsplanmidlar 2013 – KURE sak 64/13 Styrking av tematisk ansvarsmuseum***

Museet sette i gang arbeidet med å lage ein plan for korleis museet si rolle som tematisk ansvars museum hausten 2013. Tidlegare direktør Randi Bårtvedt starta opp arbeidet med ei første utgreiing i september 2013 og arbeidde med dette som eit tilleggsoppdrag ut januar 2014 i samarbeid med konst. dir, Mette Haraldsen. Frå februar – april arbeidde konst dir, vidare med dette saman med avdelingsleiarane. Endeleg plan vart oversendt fylkeskommunen 20.5.2014. (ligg også ved oversending av dette dokumentet.) I dag er dette ein plan museet ofte nyttar i samband med dokumentasjonsoppdrag – spesielt i forhold til kva oppdrag ein ønskjer å ta på seg. Det er og blitt eit viktig strategisk dokument for NVIM.

***Museumsplanmidlar 2012 – Etablering av senter for Industriarkiv og industrihistorie i Odde – Fylkesutvalet sak 282/12***

Eit svært kjærkomen tilskot som var svært viktig i samband med etableringa av SINDARK i bygg 004 på smelteverkstomta. Midlane finansierte NVIM sitt arbeid med denne saka fram til oppstarten av kommunalt prosjekt den 1.7.2013. Dette prosjektet er no inne i sitt siste halvår med slutføring innan 1.7.2016. I samband med dette vil Hordaland fylkeskommune motta rapport og verksemdsplan for tiltaket.

Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum takkar for desse viktige utviklingsmidlane.

Med helsing  
Norsk Vasskraft og industristadmuseum

Jan-Anders Dam-Nielsen,  
Direktør

Mette Haraldsen,  
administrasjonsleiar